



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 10

Telefaks 53 43 70 11

Saksnr.

/

Dok.nr

009587/97

Arkivkode

048

Avd/Sek/Saksh

FSK/PER/KANE

Dykkar ref.

MELDING OM FØDSELS- OG ADOPSJONSPERMISJON

(Rettleiing på baksida av blanketten)

Namn _____	Adresse _____	Fødd _____
Arbeidsplass _____	Stilling/stillingsbrøk _____	
Fast stilling JA <input type="checkbox"/>	NEI <input type="checkbox"/>	Ev. vikariat, tidsrom: _____

1. Forventa nedkomst (termin) _____ eller forventa omsorgsovertaking _____
Permisjonsstart _____ Dekningsgrad for fødsels/adopsjonspengar: 100% <input type="checkbox"/> 80% <input type="checkbox"/>

2. Skal far til barnet avvikla ein del av fødselspermisjonen med fødselspengar ?
JA <input type="checkbox"/> Tidsrom: _____ NEI <input type="checkbox"/>

3. Skal far til barnet avvikla fedrekvoten?
JA <input type="checkbox"/> Tidsrom: _____ NEI <input type="checkbox"/>

4. Er det aktuelt å avvikla lovfesta ferie i permisjonstida og utsetja fødselspengeperioden? <i>Både inneverande og neste år kan vera aktuelt å avtala.</i>
JA <input type="checkbox"/> Avtalt ferie med arbeidsgjevar frå _____ til _____ NEI <input type="checkbox"/>
Ev. for neste år: frå _____ til _____

5. Ønskjer du å avvikla heile permisjonstida som heiltidspermisjon? JA <input type="checkbox"/> NEI <input type="checkbox"/>
--

6. Ønskjer du å setja av ein del av fødselspengeperioden på "TIDSKONTO" (reduisert arbeidstid kombinert med reduserte fødselspengar)?
JA <input type="checkbox"/> Talet på veker du vil setja av på tidskonto: _____ NEI <input type="checkbox"/>
Korleis ønskjer du at arbeidstida skal vera (i prosent av full stilling) i tidskontoperioden?
90% <input type="checkbox"/> 80% <input type="checkbox"/> 75% <input type="checkbox"/> 60% <input type="checkbox"/> 50% <input type="checkbox"/>
Gjer greie for korleis du ønskjer at reduksjon i arbeidstida skal vera (kortare arbeidstid eller færre arbeidsdagar pr. veke: _____

Dato _____	Underskrift _____
------------	-------------------

Ev. merknader frå avdelingsleiar/etatsjef: _____

Rettleiing for utfylling av skjema

- 1) Ved fødsel vert det gjeve fødselspengar til mor dersom ho har vore yrkesaktiv med pensjonsgjevande inntekt i minst seks av dei siste ti månadene. Likt med yrkesaktivitet vert rekna tida kor det er utbetalt sjukepengar, fødselspengar, adopsjonspengar eller dagpengar under arbeidsløyse.

Mor kan starta permisjonen inntil 12 veker før fødselen. Ver merksam på at stønadsperioden for fødselspengar startar seinast 3 veker før fødselen. Dersom mor heilt eller delvis let vera å nytta retten til fødselspengar i dei tre siste vekene før fødselen, vert stønadsperioden korta tilsvarande. Val av 100- eller 80 prosent dagsats vil gjelda for heile stønadsperioden og gjeld også for ev. fødselspengar til far.

Ved adopsjon må det leggjast fram stadfesting som viser dato for omsorgsovertaking.

- 2) Far har som hovudregel ikkje eigen rett til fødselspengar. Seks veker etter fødselen kan han likevel overta delar av fødselspengeperioden som mora har tent opp. Far må i så fall oppfylla dei generelle vilkåra. Far kan overta omsorga etter seks veker dersom:
 - a) mor tek arbeidet opp igjen
 - b) mor er hindra frå å ta seg av barnet av di ho er innlagt i helseinstitusjon eller er så sjuk at ho er heilt avhengig av hjelp frå faren til å ta seg av barnet
 - c) mora byrjar på eller tek opp igjen utdanning på heiltid

Punkt a) - c) gjeld ikkje når far tek ut fedrekvoten.

- 3) Fedrekvoten: Dersom mor har vore yrkesaktiv i minst halv stilling, er 5 veker (25 dagar) av stønadsperioden reservert til faren. Far må i såfall fylla vilkåra for rett til fødselspengar. Dersom far heilt eller delvis unnlet å nytta fedrekvoten, vert stønadsperioden korta tilsvarande. Trygdekontoret kan dispensera frå denne vedtekta.
- 4) Stønadsperioden for fødselspengar kan verta utsett når vedkomande som mottek fødsels/adopsjonspengar tek ferie. Når ferien er avvikla, må den delen som er att av stønadsperioden verta teken med ein gong.
- 5) Her må du ta stilling til om det skal takast heil- eller delvis permisjon. Dersom du ønskjer delvis permisjon med lengd uttak av fødselspengar, bed me om at punkt 5 vert fylt ut.
- 6) Tidskonto for lengd uttak av fødselspengar: Delvis permisjon med lengd uttak av fødselspengar må skje innanfor ei tidsramme på to år. I tillegg kjem perioden med heil permisjon. Den kortaste tida for delvis permisjon med lengd uttak av fødselspengar er sett til 12 veker. Det maksimale talet på veker er 39 veker for redusert dagsats (80 prosent) og 29 veker for full dagsats (100 prosent).

Arbeidstakar sitt ønskje vil verta oppfylt dersom dette ikkje fører til vesentlege ulemper for verksemda.